



## Notat

Dato: 19.05.2015  
Arkivsak: 2015/5085-2  
Saksbehandlar: karoen\_

---

<b>Til:</b>	Fylkesrådmannen
<b>Frå:</b>	Personaldirektøren

---

### Økonomisk ramme kap. 3 og kap. 5

I møte med arbeidstakarorganisasjonane den 13. mai var det lagt fram følgjande reknestykke for utrekning av ramme for kap. 5 og kap. 3:

#### Ramme kap. 5.2

Årslønsvekst på 3,2 % og med fråtrekk for faktisk overheng (1,68 %) og anslag lønsglidning (0,2 %). Dette gir eit datotillegg pr. 1.5.2015 på **1,98 %** ( $3,2 \% - 1,68 \% - 0,2 \% \times 12/8$ ).

#### Ramme kap. 3.4

Årslønsvekst på 3,2 % og med fråtrekk for faktisk overheng (1,90 %) og anslag lønsglidning (0,2 %). Dette gir eit datotillegg pr. 1.5.2015 på **1,65 %** ( $3,2 \% - 1,90 \% - 0,2 \% \times 12/8$ ).

At overhenget er noko høgare for kap. 3 enn kap. 5 har m.a. samanheng med streiken i 2014 som medførte eit seinare verknadstidspunkt (1.9) for leiarar organisert i dei organisasjonar som var i streik. Lønsveksten i fjor vart såleis noko lågare enn berekna pga streiken. Av same grunn vart overhenget til 2015 noko høgare enn berekna. Tal frå Servicesenter løn viser eit mindreforbruk i kap. 5 og kap. 3 i 2014 i høve til opphavelag ramme.

I KS området har dei oppgitt at årslønsveksten for kap. 4 var 0,2 % lågare enn berekna på grunn av streiken.

Vi har no rekna på kva dei faktiske utgiftene er dersom det vert lagt til grunn ei ramme/datotillegg på 2 % for begge kapitla.

For kapitel 5 utgjer differansen mellom 1,98 % og 2 % kr. **65.293**

For kap. 3.4.2 utgjer differansen mellom 1,65 % og 2 % kr. **761.430**

**TOTALT kr. 826.723**

Vi har vore i kontakt med Bergen kommune vedkomande økonomisk ramme for kap 3 og kap. 5. Dei opererer med eit datotillegg på 2,7 % for begge kapitla. Dei har eit overheng på 1,4 % og forbruket/ramma i 2014 var på 4,1 %. Bergen kommune har ikkje med lønsglidning i sitt reknestykke. Argumentasjonen er at dette gjeld kun nokre «smale» stillingsgrupper ( ingeniørar .ol.) og at dette såleis ikkje skal virka negativt inn på ramma for resten av stillingsgruppene.

Hvis HFK skal ta ut lønsglidning slik BK har gjort, vert datotillegget for på **2,28 %** for kap. 5.2 og **1,95 %** for kap. 3.

*Personaldirektøren ber om ei ramme/datotillegg på 2 % for oppgjeret i kap. 3 og kap. 5 for 2015 og at tilrådinga frå fylkesrådmannen er at dette vert gitt som flatt tillegg.*